

## Uttale om val av tomt -ny barnehage

Personalgruppa i barnehagen står samla i synspunkt på val av tomt til ny barnehage. Ny barnehage i Gjerdsbakkane er førsteprioritet. Og gjerne i samarbeid med Hasundgot idrettslag, men med kommunal drift

Argumenta som kom fram er :

### 1. Nærmiljø

Kort veg til opparbeidd naturleikeplass i Gjerdsbakk skogen, betre tilgang til skog, fjell og fjøre.

Tilgang til idrettsanlegg og innendørs hall, rett utfor tomta.

Nær tilgang til opparbeidd barnehage hage-samarbeid med Gode Greier.

Barna i krinsen er tilknytt idrettsanlegget gjennom fritidsaktivitetar, og området der er såleis eit kjent og trygt område for barnefamilier.

Barnehagen har friluft som satsningsfelt/profil, og nærområdet i Gjerdsbakkane er veldig godt egna til vårt formål. God tilgang til natur område, ulendt terreng rett utfor tomta. Naturen er ein god læringsarena.

Området i Gjerdsbakkane er og betre egna ifh til tryggleik for å kome seg ut i naturen. Området er lite trafikkert, og det er mindre bustad område rundt tomta. Barn og personale treng ikkje gå langs hovudveg for å kome seg til skog, fjell eller fjøre.

### 2. Utforming

Ein ny barnehage vil stette krava til gode areal inne og ute. Framfor utbedring av gamle lokale.

Brukarundersøkingane som har blitt gjort siste åra påpeikar dårlege inne/uteareal, og at desse må tilpassast aldersgruppene vi har no.

Barnehagen treng nye tidsriktige lokale som er tiltenkt barnehageformål.

Tilknytning til ein idrettshall vil og gje oss gode sambruks fordelar. Stor innandørs plass i hall til foreldremøter, idrettsdag, motoriske aktivitetar, teater.

Det er mykje meir areal å ta av i Gjerdsbakkane en nede på hovudhuset til parkering, sjølv bygninga og utearealet. Hovudhuset er innebygd av boligar og vegar. Lenger til naturområda ved slik fortetting.

Estetisk sett betre å plasere eit slikt stort bygg utanforetablerte boligområde.

Trafikk tryggleik kan betre ivaretakast i Gjerdsbakkane enn der hovudhuset ligg no. Det er skuleveg gjennom barnehagen sin parkerngs plass og bak bygget pr idag .Noko som gir både skulebarn,føresette og personalet utfordringar i bringe- og hentesituasjon.Mange skulebarn går/sykkklar forbi barnehagen.Og eldre skulebarn går langs veg frå hovudvegen opp forbi barnehagen for å ta skulebuss,i tida føresette i barnehagen hentar og bringer barna sin.

### 3. Personalet

Eit samarbeid med Hil kan truleg bidra til at eit nytt bygg kan stå ferdig før opprinneleg plan.Krinsen treng ein ny barnehage raskast mulig,for å kunne stette krav til psykisk og fysisk arbeidsmiljø.

Alle avdelingane vil verte samla i eit stort nytt bygg,med gode nye fasilitetar som : kontor arbeidsplassar,pauserom,herre og dame garderobe/wc og liknande.

Fagmiljøet og samarbeidet vil verte betre og enklare når alle er samla på eit bygg.

Pedagog norm vert betre fordelt med alle avdelingar under same tak.

Personalet ønsker seg: vognskur med nok plass,uterom å gå inn i ved dårleg ver,ulike funksjonsrom(atelie,grupperom,musikkrom m.m),godt kjøkken og kjøkken assistent.Men dette kan vi kome tilbake til når bygget og uteområdet skal utformast.

### 3. Drift

Personalet ser mørkt på å vere på flyttefot under ein byggeprosess på hovudhuset.Det har vi prøvd før ,og slike midlertidige løysingar har vi hatt sidan år 2000 .

Tryggleik for barn og personale vil vere utfordrande dersom det skal vere drift og bygge prosess samtidig.

Sundgot 28.10-20

Personalet i Sundgotmarka barnehage

v/verneombod og styrar

